

Menneskets vei


Hessen DO, Lie T, Stenseth NC, red.

Darwin

Verden ble aldri den samme. 405 s, ill.

Oslo: Gyldendal, 2009. Pris NOK 399

ISBN 978-82-05-39034-8



De tre redaktørene har fått med seg et kobbel av skrifteførere og kompetente forskere, og resultatet er blitt en bok som på mestertlig vis markerer biologiens betydning for menneskets evolusjonære utvikling. For boken handler

først og fremst om mennesket og dets forståelse av seg selv og sine omgivelser. Derfor blir tittelen misvisende: Darwins ideer førte neppe til at verden forandret seg, men menneskets forståelse av verden ble derimot radikalt endret.

Tre deler er sydd sammen med innledende avsnitt skrevet av de tre redaktørene. I del 1 presenteres historisk kunnskap om Darwin og hans *Arternes opprinnelse*. I tillegg har Thomas F. Hansen skrevet grundig og oppdatert om betydningen av samspillet mellom evolusjon og ontogenese.

Del 2 omhandler darwinismens betydning for ulike vitenskaper, inklusive samfunnsfag, medisin, psykologi, lingvistikk og økonomi. For leger vil Jarle Breiviks kapittel være spennende; han viser med tydelighet hvorfor leger trenger evolusjonær kunnskap som teoretisk ballast. Leger vil også ha stor nytte av Jan Terje Faarlunds kapittel om betydningen av Darwins teori for lingvistikken. På en innsiktfull måte formidler han hvor tett menneskets karakter er sammenvevd med språket og dets utvikling.

I del 3 får vi først en grundig gjennomgang av humanoide fossile funn og fortolkningen av disse ved Natascha Heintz, før religiøse og ideologiske kontroverser blir omtalt. I et tankevekkende kapittel diskuterer Inger Nordal kvinnens status i Darwins intellektuelle univers. Olav Gjelsviks kapittel om Darwins betydning for filosofi er også nyttig, som et komplementært, men også som et selvstendig perspektiv på hva det vil si å være menneske og forske i en postdarwinistisk verden.

Samlet sett dekkes et vidt spekter. De enkelte kapitler er velskrevne, figurene gode og fremstillingen enhetlig. Men det savnes et kapittel der man eksplisitt diskuterer den radikale antropologiske metamorfosen som Darwins teorier la grunnlag for. Det at mennesket ble skilt fra det guddommelige og tettere bundet opp mot det natur-

lige, fikk betydning for hvilke forklaringer som kan anerkjennes som gyldige for mennesket og dets handlinger. I et slikt perspektiv kunne teorier om gen-kultur-koevolusjon og nisjekonstruksjon med fordel vært integrert.

Alle som har kuriorisk kjennskap til Darwin, vet at hans ideer er kontroversielle. Men i hvilken forstand er mindre kjent. Med *Darwin* vil man forstå at kontroversene ikke bare står mellom darwinister og ikke-darwinister, de er også faginterne. Leseren møter ulike oppfatninger, f.eks. vedrørende menneskets evolverte psykologi, og får derved forståelse for hvorfor det med styrke kan hevdes at Darwins teorier fortsatt er underveis, selv etter 150 år. Men man oppfatter også at kjernen i hans teori, det naturlige utvalg, står sterkere i dag enn noen gang tidligere.

Elling Ulvestad

Mikrobiologisk avdeling

Gades institutt

Haukeland universitetssykehus

Norsk helse-forvaltningshistorie

Berg O.

Spesialisering og profesjonalisering

En beretning om den sivile norske

helseforvaltnings utvikling fra 1809 til 2009.

Del 1: 1809–1983 – Den gamle helseforvaltning. 503 s, tab, ill. Oslo: Statens helsetilsyn, 2009.

Gratis

ISBN 978-82-90919-14-1



I 2009 var det 200 år sidan Noreg fekk si eiga nasjonale helseforvaltning. Under napoleonskrigane med blokade av norske hamner fann styresmaktene i København det nødvendig å opprette Det Kongelige norske

Sundheds-Collegium i Christiania. Det skulle vere ei mellombels ordning. Men den vidare historiske utviklinga med avkutting av banda til Danmark og (tilnærma) innarikspolitisk sjølvstyre frå 1814 gjorde at det går ei ubroten line frå Sundheds-collegiet i 1809 fram til sentrale organ i norsk helseforvaltning i vår tid.

Boka er blitt til etter initiativ frå eitt av desse organa. Statens helsetilsyn ved direktør Lars E. Hanssen bad våren 2008 Ole Berg – professor i helseadministrasjon ved Universitet i Oslo – om å skrive historia til Helsetilsynet. Berg tok utfordringa, gjekk laus på oppgåva med velkjent grundig

arbeidsform og entusiasme. Han fann at temaet ikkje kunne avgrensast til Helsetilsynet aleine, men måtte femne heile den nasjonale helseforvaltninga. Del 1, som akkurat rakk å bli ferdig til jubileumsseminaret 1. november 2009, går fram til 1983. Planen er at del 2 skal følgje (det gamle) Helsedirektoratet og seinare Helsetilsynet frå 1984 fram til 2009. Den nyaste historia til departementet og (det nye) Helsedirektoratet vil Berg komme tilbake til seinare.

Forfattaren har gjennomgått eit omfattande materiale av skriftlege kjelder; arkivstoff, offentlege trykksaker og forskningspublikasjoner. I tillegg har Berg intervjua meir enn 30 personar. Litteraturlista aleine fyller 12 sider. Namneregisteret går over åtte sider med to spaltar. Talet på notar når opp i 741. Som anmeldar minste éin av notane meg om eit brev som for lengst var gått i gløymeboka, som eg hausten 1975 skreiv til sosialkomiteen i Stortinget på vegne av studentane ved Bygdøy-kurset med skarpe kommentarar til stortingsmelding nr. 9 (1975–76).

Få vil lese boka samanhengande frå første til siste side. Mange vil nok som anmeldaren raskt finne fram til stoff som vekkjer særleg interesse, gjerne frå nyare tid med hendingar og personar ein sjølv har nær innpå livet. Det er også dei siste tiåra som fyller mesteparten av sidene. Etterkrigstida (fram til 1983) utgjer to tredelar, perioden 1972–83 står for halvparten. Men før ein startar «plukklesing», bør ein ta seg tid til – og unne seg glede ved – å studere innleiingskapitlet. Forutan eit grovrikk av den historiske utviklinga presenterer Berg her det teoretiske rammeverket han har lagt til grunn for si forståing og tolking av det innhenta materialet. Éin dimensjon er skiljet mellom dei fire styrings- og forvaltningsregima: Medikrati (legestyre), rettsstat og rettsforvaltning (jurokrati), nyttestat og nytteforvaltning (økokrati) og den politiserete staten (politokrati). Berg har ein skarp penn med evne til spissformuleringar, som når han slår fast: «Politikerne fremstår slik som provinsielle amatører, i kontrast til de, i prinsippet, almeninteressemotiverte styringsekspertar, juristene og økonomene.»

Det sidetunge og innhaldsrike verket er gitt ut som Helsetilsynets rapport nr. 8/2009. Omslaget er mjukt som på andre rapportar i serien, men innbindinga verkar solid. Denne gullgruva av helseforvaltningshistorisk stoff fortener vid utbreiing blant alle med interesse for utviklinga av det norske helsevesenet. At boka attpå til er gratis, gjer dette til eit tilbod mange bør nytte seg av!

Kristian Hagestad

Helse- og omsorgsavdelinga

Fylkesmannen i Vest-Agder

Kristiansand